

To: tor.deng@online.no
Cc: Carsten Stig Jensen
Subject: 200905051-76 - Om Mjåvatn kraftverk

Mjåvatn kraftverk – klage på lang tid for sakshandsaming

Vi syner til dykkar brev av 09.05.2019 der de etterspør betre framdrift i saka.

NVE fekk inn melding om Mjåvatn kraftverk i 2011. NVE hadde tidlegare fått søknad om klarering i Samlet plan av prosjektet Hol 1 Stolsvatn og Flyane pumpekraftverk, som seinare ble endra til Hol 1 Stolsvatn kraftverk. Meldinga om Mjåvatn kraftverk ble handsama etter reglene i vassressurslova og plan og bygningslova. NVE mottok søknad med KU for Mjåvatn kraftverk i 2014, som ble sendt på høyring i mai 2014, om lag samstundes med søknaden om Hol 1 Stolsvatn krv. NVE arrangerte felles offentleg synfaring i september 2014 for søknaden om Mjåvatn kraftverk og søknaden om Hol 1 Stolsvatn kraftverk. NVE har samstundes handsama sak om vilkårsrevisjon for Holsvassdraget og Votnavassdraget. Søknaden om Hol 1 Stolsvatn kraftverk ble som kjent trekt av søker E-CO Energi AS i 2017, men ble erstatta av søknaden om Frosen kraftverk. Småkraft AS, som opphavleg søkte om Mjåvatn kraftverk, har seinare overført søknaden til Nordkraft, fordi Småkraft fekk utanlandske eigarar og ikkje lenger kunne søke. Det har og vært ueinigheit mellom E-CO og Småkraft/Nordkraft om fallrettar.

NVE meiner i utgangspunktet det er uheldig at sakshandsaminga angående Mjåvatn kraftverk har tatt lang tid. Samstundes inngår saka i eit komplisert samband med andre saker. NVE legg opp til ei felles handsaming av søknadane om kraftverka Mjåvatn og Frosen.

Mvh
Jakob Fjellanger
Senioringeniør
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon 22959595 eller direkte 22959213
Epost nve@nve.no eller direkte jfj@nve.no
Web: www.nve.no